



**DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT**

Statsråden

Kommunane og fylkeskommunane

Dykkar ref

Vår ref
08/2436-2 MOP

Dato
21.11.2008

**MEIR OPNE KOMMUNAR OG FYLKESKOMMUNAR MED NY
OFFENTLEGLOV**

Eg skriv no til kommunane og fylkeskommunane for å oppmoda alle folkevalde og tilsette til å gjera seg kjende med den nye offentleglova. Den nye lova er eit høve til å tenkja gjennom korleis ein kan skapa meir innsyn og openheit i kommunen og fylkeskommunen. Eg trur på innsyn og openheit fordi det aukar engasjementet og interessa for lokaldemokratiet. I tillegg styrkjer det vernet mot korrupsjon og feil bruk av offentlege midlar. Openheit er derfor drøfta i stortingsmeldinga om lokaldemokratiet som vi la fram i juni, sjå St.meld. nr. 33 (2007-2008) *Eit sterkt lokaldemokrati* kapittel 6.9.

Føremålet med den nye lova er mellom anna å gjera det enklare for innbyggjarane å få innsyn i kva som skjer i kommunane og fylkeskommunane. Den nye lova vil òg gjelda for selskap og andre sjølvstendige rettssubjekt der kommunen eller fylkeskommunen har ein stor eigardel. Dette vil vera ei vesentleg utviding av verkeområdet for lova og inneber at valet av organisasjonsform ikkje lenger avgjer graden av innsyn. Den nye offentleglova vil gjelda for mange selskap som driv med renovasjon, kommunal revisjon, IKT (innkjøp/drift), brannvern, energiverksemd, vassverk, legevakt, krisesenter, miljøretta helsevern, hamneverksemd, bibliotek, arkiv og kollektivtransport.

Kommunar og fylkeskommunar skal ikkje lenger reknast som *eitt organ* etter den nye offentleglova. Dermed vert det auka moglegheit for innsyn i dokument til intern saksførebuing som vert sende mellom ulike organ internt i kommunen eller fylkes-

kommunen.

Offentleglova aukar innsynet i saker om offentlege innkjøp, mellom anna for å motverka korrupsjon og andre uheldige tilhøve.

Den nye offentleglova tek til å gjelda ved nyttår. Eit grundig og langvarig utgreiingsarbeid vert då avslutta. Frå same dato vert det stilt strengare krav til innsyn og openheit i kommunane og fylkeskommunane. Eg vonar at innbyggjarane og pressa vil oppleve auka openheit. – *Lova legg til rette, men det er opp til dei folkevalde og tilsette i kommunane og fylkeskommunane å skapa ei god utvikling i den einskilde kommune og fylkeskommune.*

Det er leiinga i kommunen og fylkeskommunen som skal syta for at dei tilsette har tilstrekkeleg kunnskap til å praktisera den nye lova. Eg har tillit til at leiinga tek dette ansvaret på alvor, og at dei vil nytta dette høvet til å fornya kunnskapen og vidareutvikla haldningane som dei tilsette og leiarane sjølve har til innsyn og openheit.

Justisdepartementet har laga ein omfattande rettleiar om den nye offentleglova som vil bli lagt ut på Internett og trykt opp. Rettleiaren vil bli sendt til kommunane og fylkeskommunane. Det vil også bli utarbeida kursmateriale som vil bli lagt ut på Internett til fri bruk.

Fylkesmennene skal rettleia kommunane og svara på spørsmål om offentleglova. Fylkesmennene har i samband med dette fått opplæring i den nye lova.

KS har førebudd iverksettinga av offentleglova ved å halda kurs fleire stader i landet med mange deltakarar. Personalhandboka er òg oppdatert og vert sendt alle medlemmer. Eg er glad for at KS har teke ansvar her, og for at kommunane og fylkeskommunane har synt ansvar ved å delta på kurs i regi av KS, fylkesmennene og andre kursarrangørar.

Som de skjønar, meiner eg at alle folkevalde og tilsette bør kjenna til reglane i offentleglova. Difor oppmodar eg dykk om å lesa lova og rettleiaren frå Justisdepartementet.

Openheit handlar likevel ikkje berre om å kjenna til reglane og følgja dei. Nei, openheit handlar òg – ja, kanskje mest – om haldningar og kultur, om at tenestemenn handlar på vegner av dei folkevalde og innbyggjarane, om korleis ein handsamar kritiske spørsmål, om interne rutinar for varsling, for å nemna noko. Eg vil særleg nemna prinsippet om opne møte i folkevalde organ. Opne møte skaper openheit, og er i seg sjølv ein invitasjon til innsyn og folkeleg deltaking. Den nye offentleglova kan vera eit høve til å friska opp kunnskapen om reglane i kommunelova § 31 om opne møte.

Eg vonar at folkevalde og tilsette i norske kommunar vil sjå det positive i ein meir open og tilgjengeleg kommune og fylkeskommune.

Med helsing



Magnhild Meltveit Kleppa

Likelydande brev sendt til:

Fylkeskommunane
Kommunane

Kopi:

Fylkesmennene
Justis- og politidepartementet
KS